

## Notat

# ANSKAFFING AV KONSULENTTENESTE - ANALYSE AV FINANSIERINGSMODELLEN I HELSE MIDT-NORGE

## Behovsanalyse og utarbeiding av kravspesifikasjon

**1.1. Beskriving av oppdraget:** Helse Midt-Norge har sidan 2011 benytta ein eigen regional inntektsfordelingsmodell (basert på Magnussen 2-modellen) for fordeling av inntekter mellom helseføretaka i regionen. I den regionale inntektsfordelingsmodellen er det gjort skjønsmessige vurderingar.

Helse Møre og Romsdal HF har sidan etableringa i 2011 hatt utfordringar knytt til økonomiske resultat, driftsbalanse, investeringskapasitet og likviditet. Det er stilt spørsmål ved om dagens inntektsfordelingsmodell i Helse Midt-Norge gir Helse Møre og Romsdal eit økonomisk handlingsrom som står i forhold til føretaket sine oppgåver, struktur og pasientgrunnlag.

### 1.2 Mål for konsulenttenesta

Formålet med oppdraget er å analysere kva effektar inntektsfordelingsmodellen i Helse Midt-Norge har hatt for Helse Møre og Romsdal i perioden 2011–2024 samanlikna med om fordelinga av inntekter hadde skjedd 1. etter Magnussen 2-modellen. 2. som i Helse Vest.

### 1.3 Kva skal konsulenttenesta bistå med

Konsulenttenesta skal gjennomføre analyser som nemnt i punkt 1.2. Analysene skal dokumenterast i ein rapport. Konsulenttenesta skal presentere analysene på eit møte i Sunnmøre regionråd.

### 1.4 Krav til kompetanse hos konsulenttenesta

Konsulenttenesta må ha spesialkompetanse innen helseøkonomiske analyser, finansiering av spesialisthelsetenesta og statleg inntektsfordelingsmodell (Magnussen 2-modellen).

### 1.5 Konsulenttenestens rolle

Konsulenttenesta skal arbeide sjølvstendig med å innhente datagrunnlaget, gjennomføre analysene, lage ein rapport og halde ein presentasjon.

### 1.6 Forventa resultat av oppdraget

Oppdraget skal resultere i ein rapport og ein presentasjon.

### 1.7 Tidsplan for oppdraget

Oppdraget skal ferdig innan 1. juni 2026.

### 1.8 Omfang av oppdraget

Eit månadsverk 162,5 timar x 1500 kr = kr 243 750

### 1.9 Budsjett

Budsjett kr 250 000, eks. mva